



Hans Henrik Fanebust
Mangersnesvegen 75
5936 Manger

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/188 - 23/5731

Sakshandsamar:
Sveinung Toft
sveinung.toft@masfjorden.kommune.no

Dato:
15.06.2023

Kunngjering av godkjent reguleringsendring reguleringsplan for Rørdalen

Kommunestyret i Masfjorden har i møte den 4.mai, sak 018/2023 godkjent endring av reguleringsplan for Rørdalen, plan id.4634-20220001.

Det vert vist til revidert plankart av 03.04.2023 og reviderte føresegner av 12.04.2023. samt saksutgreiing med vedtak frå kommunestyret si handsaming.

Hovudføremålet med reguleringsendringa er å justere plasseringa av byggeområde VA1, slik at kloakkanlegget får ei lokalisering som sikrar fall, samt justere plassering av byggeområde La (lager), dette for å kunne leggja om tilkomstvegen. Omlegging av tilkomstveg vert gjort for at bygningar i HK1 skal kunne trekkast lenger ned i terreng mot eksisterande veg. I tillegg vert parkeringsarealet utvida. Ein del endringar som vart føreslått i starten, er i løpet av prosessen teke ut av planen.

Reguleringsplanen ligg til gjennomsyn frå 20. juni 2023 til 15. juli. 2023 i ekspedisjonen på kommunehuset på Masfjordnes, samt på Masfjorden kommune si heimeside www.masfjorden.kommune.no, under vedtekne reguleringsplanar.

OM KLAGE OG VERKNAD AV PLAN

Vedtaket om eigengodkjenning kan påklagast av den som er part eller har rettsleg klageinteresse, jf plan- og bygningslova § 12-12, 3. ledd. Klagefristen er etter forvaltningslova § 29, 3 veker frå denne kunngjeringa.

Eventuell klage bør grunngjevast og skal stilast til Fylkesmannen i Vestland og sendast til:

Masfjorden kommune, Austfjordvegen 2724, 5981 Masfjordnes, eller til post@masfjorden.kommune.no innan 15. juli 2023.

Dersom de har spørsmål i saka kontakt assisterande rådmann Sveinung Toft.

Med helsing

Sveinung Toft
assisterande rådmann

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Vedlegg:

Reguleringsendring Rørdalen - slutthandsaming
Endringsframlegg Føresegner Rørdalen revidert 12.04.2023
Plankart030423

Mottakarar:

Hans Henrik Fanebust	Mangersnesvegen 75	5936	Manger
Jeanette Elisabeth Refsnes	Gaupåsvegen 289	5131	Nyborg
Kenneth Bjørnevoll	Reikeråsvegen 175	5913	Eikangervåg
Marielle Kvingedal Bjørnevoll	Reikeråsvegen 175	5913	Eikangervåg
Morten Rolland	Gaupåsvegen 289	5131	Nyborg
Statsforvaltaren i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Stordalen Fjellstove As	Haugsværlia 1	5983	Haugsvær
Stordalen Tomteselskap As	c/o Bjørnar Vik	5983	Haugsvær
Stordalen Tomteselskap			
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen
Vivian Bjørnsen	Svindalsvegen 35	5913	Eikangervåg
Øystein Bjørnsen	Svindalsvegen 35	5913	Eikangervåg